

Uttale til Statkraft sin plan om ny dam, ny veg og tunnel ved Bjølsegrøvatn (NVE saksnummer 202110781)

Innleiing og samandrag

Det vert vist til NVE sitt høyringsbrev av 16.5.2024 knytt til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dammen ved Bjølsegrø. NVE ber om uttale på arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen. Lokale forhold og ny kunnskap om naturmiljøet er relevant.

Detaljplanen viser dei ulike anleggsområda og kva permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil medføre. Oppstart av anleggsarbeida er etter det me forstår planlagt i 2025 og vil føregå fram til 2029.

NVE legg planane ut til offentleg ettersyn fordi det er planlagt ny permanent veg frå parkeringsplass ved Damvegen og fram til dam Bjølsegrøvatn. Tiltaket medfører vesentlege og nye terrenginngrep som ikkje er handsama i konsesjonen.

NVE ber Statkraft Energi AS (SK) om å varsle grunneigarar og andre med rettar i området som vert råka av tiltaket noko som dei også har gjort.

Som grunneigarar i Ytre Ålvik har me tillete oss å kome med nokon kommentarane, då me meiner me er direkte påverka av tiltaket og ynskjer å bidra med synspunkt knytt til planen. Elva Bjølvo som vart selt frå grunneigarar i Ytre Ålvik renn ned i bygda vår har betydning for bl.a. drikkevatt og jordbruk, avrenningslinjer frå anleggsområdet kjem ned i Ytre Ålvik, den nye dammen si vestsida skal byggjast på fellesområdet til grunneigarar frå Ytre Ålvik og grunneigarane har sidan 2005 disponert Statkraft si hytte ved Dammen. Grunneigarane har ikkje noko grunneigarlag, men er organisert i skogsvegen som går frå Ytre Ålvik til gardane Fosso og Hjøllo, samt vegane til Slåttedalen og Seleset mot Damvegen (Ytre Ålvik skogsveglag SA org nr 980 940 144). Skogsveglaget organiserer også hyttestyret for damhytta samt naust som ligg kloss ved Dammen og som er nytta av grunneigarane i Ytre Ålvik i felleskap.

Historikk

Bjølvefossen smelteverk som tidleg på 1900 talet vart etablert i indre Ålvik, var tufta på vasskrafta frå Bjølvo i Ytre Ålvik. Allereie 4.august 1894 var det tinglyst ein leigekontrakt for fallrettane. Overrettsakfører Albert Gjermo frå Bergen fekk rett til bruk av vatnet i Bjølvo. Årleg leige var 200 kr. Til kontrakten var det knytt ein kjøpsrett som vart brukt då Gjermo i 1898 kjøpte retten til vatnet frå bønder i Ytre Ålvik (gardsnummer 74/1, gnr. 75/1, 75/2, 75/3, 75/4 og 75/6) for 6000 kroner, eingongsbetalt og ferdig. Det vart ved handelen lova at det skulle vere nok vatn til deira kverner og anna bruk. Bjølvo vart i 1903 seld på tvangsauksjon for 8000 kroner til ingeniør T.Trimpy af Bergen og 2 år seinare i 1905 til ingeniør Hjort som skipa Bjølvefossen. (info frå bl.a. boka Ytre Ålvik – om grenda og livet derHardangerforlaget)

Fallrettar og drift av Bjølvo kraftverk er seinare overført til Statkraft som no er eigar. Austsida av Vassdalen mot Hedlerbeite vart seinare også kjøp av Bjølvefossen frå grunneigarane i Ytre Ålvik. Det same området vart seinare overteke av grunneigarar i Ålvik. I utskrift frå rettsboka for utskiftingsformannen i Hardanger vedrørande utskifting over Hedlerbeite- Ålvik sameige og Bjølsegrø i Kvam herad slutta 31. juli 1950 finn ein informasjon om området som dei overtek frå Bjølvefossen: Dei nemnde eigarane av bruk 77/3, 68, 72 Og 102 er kjende med at vassverket i Ytre Ålvik eller rettetterfylgjarane har rett til å demma opp og regulera Orfallstjønna som ligg nedanfor A/S Bjølvefossen sin demning ved Bjølsegrøvatnet.

Kommentarar

Statkraft (SK) sin plan vert kommentert punktvis etter deira kapittelinnending

1.5.3 Friluftsliv

SK informerer om at som fylgje av anleggsarbeidet vil det verte oppretta ein ny parkeringsplass for 3. part i Søndre anleggsområde. Meir folk og trafikk vil gje større belastning på naturen i området. Det bør vurderast å etablere eit permanent toalettanlegg ved parkeringsplassen i søndre anleggsområde då eit mykje, større antal personar vil nytte veg (og evt tunell) enn tidlegare. Eit toalettanlegg har vore etterspurd tidlegare og auka trafikk til område vil gje meir belastning på området rundt dersom det ikkje vert etablert. Toalettanlegget bør ha tett tank for ikkje å påverke nærområdet eller nedstraums (avrennings-)område.

I fylgje planen vil det i nordre anleggsområde truleg stå klart eit båtutsett som truleg kan nyttast frå 2026. Statkraft skriv at logistikk og organisering av tilgang til båt plass vil bli utført av Statkraft i samarbeid med båteigarane. Grunneigarane i YÅ ynskjer også å vere del av diskusjonen knytt til korleis ferdsel til båt plass, tilgang til damområdet og tilgang til sitt fellesområde på vestsida av dammen skal organiserast.

Grunneigarane i Ytre Ålvik ber om at dei vert sikra permanent tilgang til området via den nye tunellen då ein del av grunneigarane sitt fellesområde og Damhytta som dei nyttar ligg kloss ved Dammen. Dersom det vert parkeringsplassar ved dammen, ber grunneigarane om at ein plass vert halden av til dei som nyttar damhytta.

1.5.6 Naturmiljø

Sjølv om det ikkje er registrert raudlisteartar i det området som er undersøkt vil meir ferdsel av bilar og folk gje eit generelt høgare press på naturen og eigenverdien til denne. Alt av område som vert berørt er heller ikkje undersøkt, då nye tunneltraséar er planlagt etter planen/naturundersøking er utført. Det er ikkje ynskeleg at ein legg unødig press på naturmiljøet og ein open tunell vil gje ei mykje større belastning på området rundt dammen i framtida. Statkraft bør vurdere å begrense tilgang gjennom tunnelen då intensjonen med tunellen er utbetring og seinare drift og vedlikehald av dammen og Statkraft sine anlegg, snarare enn auka turisme i sårbare område.

Fleire tunellar i fjellet vil påverke naturen i området. Ei tunnelmassefylling på 100 000 m³ vil vise igjen i området og må nødvendigvis bygge ned noko naturverdiar.

1.5.7 Villrein

Det vert vist til at området ikkje er registrert som «villreinområde», men grunneigarar mellom Hardangerfjorden, Voss og fjordane mot vest har hatt rein i området i alle fall sidan 1880 talet (Voss Reinsdyrinteressendtskab 1844-1927 og seinare Hardanger og Voss Reinsdyrslag frå 1926 til dd – frå boka Reinsdyrhistorie av Aslak J. Himle).

I planen vert det skrive at *«anleggsarbeidet vil begrenses dersom rein kalver og oppholder seg nært damstedet på våren.»* Naturområdet ved dam, tunell, Vassdalen, Bjølvesete er eit område som år om anna spesielt om ettervinter/vår vert besøkt av deler av reinsflokken og over lang tid vil meir trafikk og ferdsle som følgje av tunell, veganlegg og parkering høgare til fjells truleg påverke meir enn anleggsarbeidet som vert avslutta innan nokre år. Mykje trakk og turistar kan føre til at reinen trekkjer vekk frå dette området som dei tidlegare har nytta.



Foto 1: Reinsslakting ved naustet ved Dammen i 2015

1.5.8 Forureiningslova

Det skal sendast søknad til Statsforvaltaren i Vestland om lov til utslepp frå anleggsdrifta i byggeperioden. Noko av dette er også kommentert i kap. 2.5. I samband med søknaden ber me om at det vert teke omsyn til kommentarane vist under.

Kommentar til vassforsyning i Ytre Ålvik

Framlagt plan tek omsyn til området som vert direkte berørt av dam, tunell og deponi, medan den omtalar lite bl.a. vassstilførsel, overvatnet og avrennings/nedstraumsområde som for det aller meste vert liggjande i Ytre Ålvik. Avrenning og evt utvasking frå dam-, tunell- og deponiområdet hell mot Ytre Ålvik.


Det var på 1950 talet diskutert å lage til offentlig vassverk i Ytre Ålvik. Ein lukkast ikkje med dette og det er difor fleire private brønnar knytt til bl.a. Bjølvo og borehol i nedstraums anleggsområdet.

Me ber om at det vert laga eit prøveprogram av vasskvalitet for dei som har drikkevatt frå Bjølvo og også dei som har borebrønnar i området rundt Gravadalen. Prøveprogrammet bør omfatte sjekk av

vatnet før, under og ei viss tid etter anleggsdrifta t.d. 5 år for å trygge at ikkje anleggsdrifta eller etterdrift påverknar vasskvaliteten. Drikkevatnet bør sjekkast for funn av tungmetall i betong frå dammen og evt påverknad som tunelldrivinga evt injeksjon og avrenning frå deponiet. Det er ynskjeleg at det vert nytta mest mogeleg miljøvenlege stoff.

Det er naturleg at det vert avrenning frå tunell og deponi. Frå anleggsperioden vert det større mengde avrenning. Det er ynskjeleg at det vert sett høge krav til finpartiklar, bruk av fellingskemikaliar og best mogeleg oppsamlings- og utfellingsbasseng før overvatnet vert sent vidare.


Me ber om at avrenninga vert ført bort frå tunellmunning og deponi i grøft eller røyr slik at avrenninga vert flytta lengre aust til eit avrenningsområde som går mot mindre befolka område, sjå vedlagt avrenningslinjer og forslag til bortleiing. Borteleiing av vatnet til anna avrenningssone kan truleg gjerast ved nedgraving av røyr, gode grøfter på deler av tilkomstvegen eller ein kombinasjon av dette. Ein risikerer då også mindre fare for forureining mot vasskjelder dersom det skulle komme t.d. lekkasje frå parkerte bilar eller i samband med drivstoff-fylling ved helikopterlandeplassen.



Kart 1: Kartutsnitt av område tunell/deponi (gult) og ynskjeleg bortleiing av avrenningsvatn (blå piler). Svarte linjer er avrenningslinjer.

Me etterspør også om det er sett krav til tunellane i høve til innlekkasje og risiko for tørrlegging av bekkar/våtmark? Tilsvarende etterspør me også om det er laga ein riveplan knytt til damringa slik at ein minimaliserer fare for støv og forureining til grunn og vatn i Bjølvo.

Nedstraumsområdet frå søndre anleggsområde mot Gravadalen og nedstraumsområde frå nordre anleggsområde mot elva Bjølvo er vist i kartet under.



Kart 2: Gardbruk med borehol (blått) og område som tek drikkevatt frå elva Bjølvo (svart sirklar)

2.2 Riving av eksisterande dammar

Me ber om at det vert sett krav til støv/partikkel oppsamling og sikre mot utvasking av tungmetall i samband med rivinga/riveplanen for å skåne personell og omgjevnad mest mogeleg. Me stiller og spørsmål om det bør lagast ein plan for eit overvakingsprogram før og under riving av dammen, samt program for oppfylging i ettertid. Det er planlagt at betong med krom 6 skal gjenbrukast på parkeringsplassen. Korleis skal ein sikra at nedbørsinfiltrasjon ikkje kjem til dette avfallet og dannar sigevatt? Og kor store mengder vatn med krom 6 kan forventast ut i nærliggande bekk/våtmark? Me kan ikkje sjå at det er spesifisert kva som er gjeldande krav til utslepp. Generelt kan det sjå ut til at renseløysingar frå betongdeponi og massedeponi fokusert på partiklar i vatnet. Dersom betongen viser seg å ha høgare verdiar av ulike krom forbindelsar og at den ikkje kan klassifiserast som lågt forureina, ber me om at ein tek ein ny vurdering av om området for deponi (parkerings- og snuplass ved Orfallstjørn) er rette staden for dette.

2.4 Vasslepp og vassuttak

SK skriv at det ikkje er krav til minstevassføring og vassuttak frå damanlegget og at det difor ikkje vert omtala vidare.

Me ber om at damanlegg, styring og ventilarrangement i ny dam vert bygd slik at det er mogleg å sleppe ut vatn kontrollert i periodar i elva Bjølvo dersom det skulle vere behov for dette knytt til vassforsyning bl.a. drikkevatn og jordbruksvatn. Som omtala over meiner grunneigarane å ha noko vassrettar i høve til uttak frå Bjølvo som er selt frå grunneigarane i Ytre Ålvik i tidlegare tider.

2.5 Vegar og riggområde

Det er svært positivt at nokon av massane frå tunneldriving kan nyttast til å utføre tiltak og sikring på Damvegen, bl.a. svingar og møteplassar, stigningsforhold, utslaking av skråningar. Skogsveglaget i Ytre Ålvik også har skogsvegar i området bl.a. til Seleset (365 moh) som er knytt saman med Damvegen. Skogsveglaget i Ytre Ålvik har også behov for massar og hadde vore svært takksame om også me kunne få teke del i desse massane for utbetring i staden for å nytte massar tilkøyrte frå mykje lengre avstand. Skogsvegane i Ytre Ålvik treng også noko oppgradering. Det kan synast meir fornuftig å nytte noko massar til våre skogsvegar enn å leggje desse i eit deponi.

Statkraft kan også få tilgang til Skogsvegane i Ytre Ålvik dersom det er behov for ekstra riggplass eller behov for å styre noko av helikoptertrafikk unna dam, Damvegen eller tunnelområdet.

Ytre Ålvik skogsveglag har også tilgang til Damvegen via Seleset, og framtidig transport opp denne vegen må også avklarast mellom veglaget, Damvegen og Statkraft. I eit vedtak frå Heradstyret i Kvam i 2014 der det vart løyvde 2,5 mill. til realisering av Damvegen, var ein av forutsetningane at Ytre Ålvik skogsveglag skulle få knyte seg til Damvegen.

2.6 Illustrasjon og tunnelmassefyllinga

Som nemnt tidlegare ber me om at det vert sett spesielt på avrenning frå rigg-, tunnel- og deponiområdet for å samle opp mest mogeleg finpartiklar og å leie overskotsvatnet bort frå avrenningssoner mot Gravadalen/Ytre Ålvik og ikkje ned i eksisterande stikkrenner og bekkeleie som er beskrive i rapport.

Det er beskrive at 100 000 m³ tunnelstein skal på deponi. 10-70 gram nitrogen per anbrakt kubikkmeter stein er beskrive i litteraturen (NIBIO-rapport;8(66) 2022). Korleis skal ein sikra at det ikkje vert over gjødsling nedstrøms deponiet og me etterspør også om det er laga akseptkriterier for innhald av partiklar og sprengstoffrestar (nitrogen) i avrenninga frå deponiet? Som tidlegare nemnt ber me om at det bl.a. vert laga ein miljøovervakingsplan for steindeponiet og (evt betongdeponiet), akseptkriteriar for vasskvalitet samt ein tiltaksplan dersom akseptkriteriane vert overskridne.

2.8 Andre tiltak

Det er veldig bra at det er planlagt ny opprydding ved hovuddammen, og Statkraft har utført eit godt arbeid her tidlegare. Når Bjølsegrøvatnet no vert senka meir enn vanleg i ein periode, bør ein nytte høve til å rydde opp i evt. nytt skrot som framkjem langs dammen.


Ytre Ålvik, 25.juni 2024



Lars Øyvind Ålvik

For Ytre Ålvik skogsveglag SA

(org nr 980 940 144)



Nils Eivind Stranden

For styret Damhytta